



Presisering av ordensreglement - Oltedal skole

(utg.punkt i felles kommunale ordensreglar for Gjesdalskolen)

*Skolen vår er ein arbeidsplass der alle skal ha det godt og kjenne seg trygge.
Dette vil krevje at alle på skolen viser vilje til samarbeid og har respekt for kvarandre.*

Fellesreglar:

- I skoletida skal du vere innanfor skoleområdet.
- Ta godt vare på bøker og anna skolemateriell.
 - Ting du mister eller øydelegg må du erstatte.
 - Gjer du skade på bøker eller utstyr som tilhøyrrer skolen, elevar eller tilsette, har føresette erstatningsplikt.
 - Skolen er ikkje forplikta til å erstatte ting som du mister eller blir stole.
- Ingen har lov til å skade eller øydeleggje for andre. Elevane har difor ikkje lov til å ha med ting eller reiskap som kan brukast til skade for andre. Døme på aktiviteter som ikkje tillatast er:
 - snøballkasting
 - sykle eller rollerblades i skolegården i skole-og Sfo-tida
 - Elevane får ikkje ta med våpen eller våpenliknande gjenstander.
- Elevane skal ikkje ha med snop eller tyggis på skolen.

1.-7.klasse:

- Det skal ikkje brukast utesko inne på skolen. Eigne reglar for Mat&helse og K&H-avd.
- Elevane skal ikkje ha med mobiltelefon på skolen.
 - Om elevar skal ha med mobil på skolen fast, skal vi få ein underskriven avtale frå føresette med grunngjeving. Dersom det er eingongstilfeller er det nok med melding via visma skole.
 - Mobil/mobilklokke skal då ligge heilt avskrudd i sekken ev skolemodus
- Yttertøy og hovudplagg skal hengje i garderoben.
- Personlege leiker skal ikkje tas med på skolen.

8.-10.klasse:

- Elevane kan ha med mobil på skolen, men skal brukast etter avtale med lærar.
- Yttertøy skal som hovudregel hengje i garderoben.
- Skal ikkje bruke hovudplagg som skjuler auge og øyre (utanom religiøse plagg)